

# BILAG 1 STRYN KOMMUNE – KRAVSPESIFIKASJON INNSAMLING OG TRANSPORT AV SLAM

## Innhald

<b>1</b>	<b>GENERELT OM OPPDRAGET .....</b>	<b>2</b>
1.1	OPPDRAGET OG KONTRAKTSOMRÅDET .....	2
1.2	KRAV TIL KVALITETSSIKRINGSSYSTEM OG KVALITETSPLAN .....	2
1.3	GENERELT OM PLIKTENE TIL LEVERANDØREN .....	2
1.4	DOKUMENTASJON SOM SKAL LEVERAST FØR OPPSTART .....	3
1.5	AVGRENSINGAR VED GJENNOMFØRING AV ANDRE OPPDRAG .....	3
1.6	ARBEIDSKRAFT TIL ARBEIDET .....	3
1.7	VEGNETT OG TILPASSING AV KØYRETØY .....	3
1.8	MILJØKRAV OG LIKNANDE .....	4
1.9	PROFILERING PÅ KØYRETØY, UTSTYR OG PERSONELL .....	4
1.10	RAPPORTERING .....	4
1.11	LEVERING TIL MOTTAKS-/BEHANDLINGSANLEGG .....	5
1.12	KRAV TIL AVVATNING OG PRØVETAKING .....	5
1.13	AVVATNINGSSTASJONAR .....	6
<b>2</b>	<b>SPESIELL OMTALE AV OPPDRAGET .....</b>	<b>7</b>
2.1	TØMMEUTSTYR, TØMMEOPERASJON .....	7
2.2	AVREKNING AV TØMMINGA .....	7
2.3	TØMMEFREKVENNS .....	8
2.4	EKSTRATØMMING .....	9
2.5	NAUDTØMMING .....	9
2.6	ABONNEMENTSREGISTER .....	10
2.7	REGISTRERING AV TØMMING .....	11
2.8	VARSLING OG DOKUMENTASJON AV TØMMING .....	11
2.9	TØMMING HJÅ ABONNENT .....	11
2.10	REGISTRERING AV FEIL PÅ REINSEEINING .....	12
<b>3</b>	<b>TENESTER SOM SKAL PRISAST SOM OPSJONAR .....</b>	<b>13</b>
3.1	GENERELT .....	13
3.2	OPSJON – TIMEPRISAR SLAMTØMMING .....	13
3.3	FRIVILLIG OPSJON – KOMPLETT SLAMBEHANDLING .....	14
<b>4</b>	<b>INFORMASJON OM BILAG 3 – TILBODSSKJEMA og grunnlagsdata .....</b>	<b>15</b>
4.1	BILAG 3.1 – UTFYLLING AV TILBODSSKJEMA .....	15
4.2	INKLUDERT I EININGSPRISANE I TILBODSSKJEMA .....	15
4.3	BILAG 3.2 – INFORMASJON OM GRUNNLAGSDATA .....	15
4.3.1	Generelt .....	15
4.3.2	Tabell A1 .....	16
4.3.3	Tabell B1-B5 .....	16
4.3.4	Tabell C1 og C2 .....	16
4.3.5	Tabell D1-D6 .....	16
4.3.6	Tabell E1-E3 .....	16
4.4	BILAG 3.3 – INFORMASJON OM PÅSLEPPSPUNKT .....	16

## **1 GENERELT OM OPPDRAGET**

### **1.1 OPPDRAGET OG KONTRAKTSOMRÅDET**

Oppdraget omfattar innsamling av slam frå Stryn kommune. Kontrakten har oppstart 01.01.2024. Antal og fordeling av tankar, og antal tømningar/år går fram av bilag 3, jf. kap. 4.3.

### **1.2 KRAV TIL KVALITETSSIKRINGSSYSTEM OG KVALITETSPLAN**

For å sikre at leverandør til ei kvar tid skal overhalde krav i lov, forskrift, utsleppsløyve mv. er han forplikta til å utøve internkontroll i samsvar med det til ei kvar tid gjeldande regelverk.

Leverandøren er også forplikta til å ha eit system for sikring av kvalitet og service ved gjennomføring av arbeida i kontrakten, jf. også kvalifikasjonsvilkåret om dette i konkurransegrunnlaget.

Innan ein måned før oppstart av arbeida skal leverandøren levere dokumentasjon på at dei har kvalitetssikringssystem som er dekkande for arbeidsoppgåvene som skal utførast. Denne dokumentasjonen kan enten vere dokumentasjon på sertifisering NS-EN ISO 9000-9004 som er dekkande for oppgåva, eller eit dokument som dokumenterer at leverandøren har eit kvalitetssikringssystem som tilfredsstillar krava nemnt over.

Innan ein måned før oppstart av arbeida skal leverandøren også levere ein kvalitetsplan for oppdraget, jf. bilag 2, punkt 14.

Leverandøren skal også innan ein måned før oppstart av arbeida levere dokumentasjon på at han har eit tilfredsstillande system for miljøstyring i samsvar med punkt 3.2.3 i konkurransegrunnlaget.

Forseinka levert dokumentasjon på kvalitetsplan gjev oppdragsgjevar rett til å krevje dagmulkt i samsvar med punkt 17.2 i NS 9430:2022, og sats i samsvar med frist «c».

### **1.3 GENERELT OM PLIKTENE TIL LEVERANDØREN**

Leverandøren tek på seg ansvaret for at ytingane hans er komplette i høve til føremåla og spesifikasjonane i kontrakten, og arbeidet vil såleis omfatte alle aktivitetar som er nødvendige for å oppfylle krava i kontrakten, sjølv om alle ikkje er nemnt spesielt i kontrakten. Det er såleis leverandøren sitt ansvar å gjere seg kjent med alle tilhøve som er relevante for oppdraget, som t.d. vegstandard, lokalisering av reinseeiningar, transportavstandar osv.

Leverandøren kan seinare ikkje krevje rett til kontraktsendringer eller ekstra kompensasjon av noko slag ut frå tilhøve som har vore reelle, eller kunne ha vore registrert før innlevering av tilbodet, eller som kunne eller burde vore oppdaga av leverandøren eller nokon leverandøren svarar for, men som ikkje er blitt særskilt regulert i kontrakten.

At oppdragsgjevar ikkje har merknader til eller godkjenner/samtykkjer i leverandøren sitt arbeidsopplegg, fritek ikkje leverandøren for ansvaret hans etter kontrakten.

#### 1.4 DOKUMENTASJON SOM SKAL LEVERAST FØR OPPSTART

Aktivitet	Tidspunkt
Oppdragsgjevar leverer oppdatert kunderegister til leverandør, jf. NS 9430, punkt 14.1:	Seinast 2 veker etter signering av kontrakt.
Fristar for dokumentasjon frå leverandøren:	
<ul style="list-style-type: none"><li>• Første utkast til tømmeplan 2024/25:</li></ul>	01.09.2023
<ul style="list-style-type: none"><li>• Endeleg utkast til tømmeplan 2024/25:</li></ul>	01.11.2023
<ul style="list-style-type: none"><li>• Kvalitetsplan for oppdraget, jf. bilag 2, punkt 14:</li></ul>	01.12.2023
<ul style="list-style-type: none"><li>• Dokumentasjon påkravsgaranti, jf. bilag 2, punkt 12</li></ul>	01.12.2023
<ul style="list-style-type: none"><li>• Dokumentasjon frå eventuelle underleverandørar, jf. NS 9430, punkt 15.5.</li></ul>	01.12.2023

#### 1.5 AVGRENSINGAR VED GJENNOMFØRING AV ANDRE OPPDRAG

Leverandøren har på same køyretøy og rute ikkje høve til å samle inn slam frå andre enn oppdragsgjevaren sine kundar/abonnentar.

#### 1.6 ARBEIDSKRAFT TIL ARBEIDET

Leverandøren skal alltid syte for å ha ein tilstrekkeleg stab med kvalifisert personale til å utføre arbeidet. Dette gjeld både slamrenovatørar og leiing/administrasjon. Leverandør skal kontinuerleg gjera risikovurderingar i samband med arbeidet og skal tilpassa tal operatørar, arbeidsrutinar m.v. slik at gjennomføring av oppdraget til ei kvar tid vert utført på forsvarleg måte.

Leverandøren pliktar også å ha reservekapasitet ved sjukdom, feriar mv. Slikt personale skal også vere kvalifisert for arbeidet.

Leverandøren pliktar å gjennomføre naudsynt opplæring av personellet, inkl. vikarar, som skal utføre arbeidet.

#### 1.7 VEGNETT OG TILPASSING AV KØYRETØY

Generelt må leverandøren forvente å utføre innsamling frå dei same reinseeiningane som det vart utført innsamling i perioden fram til tilbudsfrist, dvs. at leverandøren må rekne med å nytte vegnettet som er naudsynt for å oppfylle dette.

Vegnettet som skal nyttast kan vere både Europa-, riks-, fylkes-, kommunale eller private vegar. Leverandøren må sjølv gjere seg kjent med standplassar, vegnettet og køyreavstandar, og ut frå dette tilpasse køyretøya til dei lokale tilhøva. For reinseeiningar som ikkje er tilgjengelege for avvatningsbil grunna dårleg bæreevne/tilkomst, må leverandøren nytte lettare utstyr for slamsuging, eventuelt bilar med firehjulstrekk, med påfølgjande overføring til avvatningsbil eller anna avvatningseining, jf. punkt 2.1. Leverandøren står fritt til å velje type køyretøy og utstyr, men kan i ettertid ikkje hevde at det valte utstyret ikkje kan nyttast på vegnettet nytta i perioden før tilbudsfrist.

Etter tilbudsfrist kan oppdragsgjevar fritt utvide eller redusere total køyreavstand i kontraktområdet omtala i kontrakten utan at dette gjev endringar i einingsprisane. Dei av desse vegane som ikkje er

nytta i tida før tilbudsfrist skal vere tilpassa leverandøren sitt utstyr.

Køytøya må også tilpassast tipp-plassen på leveringsstaden (mottaks-/behandlingsanlegget).

### 1.8 MILJØKRAV OG LIKNANDE

Alle bilar > 3,5 t skal oppfylle utsleppskravnivå Euro 6, og ha alkoholås.

Krava i første avsnitt gjeld ikkje ved eventuell bruk av traktor og tankvogn eller liknande for å tømme reinseeiningar som ikkje kan tømmast med avvatningsbil.

### 1.9 PROFILERING PÅ KØYRETØY, UTSTYR OG PERSONELL

Alle avvatningsbilar nytta i kontrakten skal ha lik profil / farge / dekor, og skal som minimum profilerast med leverandøren, eventuelt underleverandøren sitt firmanamn, logo og telefonnummer. Tilsvarande gjeld for arbeidstøyet til renovatørane.

Så snart kontrakten vert avslutta, eller ved sal av utstyret, pliktar leverandøren å fjerne eventuelle profilelement frå oppdragsgjevar frå utstyret.

### 1.10 RAPPORTERING

Følgjande rapportering/dokumentasjon skal leverast:

Tabell 1: Oppsummering av rapportering

Frekvens rapportering	Vedlagt faktura (12 gonger / år)	Elektronisk sendt (innan den femte i påfølgjande månad)
Månadsrapport (12 gonger/år):	<ul style="list-style-type: none"><li>– Oppsummering av tal og volum reinseeiningar</li><li>– Mengderapport med leveringsstad.</li><li>– Dokumentasjon utførte naudtømmingar eller ekstra-tømmingar, jf. punkt 0 og 2.5.</li><li>– Oppsummering på faktura etter oppdragsgjevars spesifikasjon, minimum skilt mellom kommunale tankar og andre tankar, jamfør også NS 9430, pkt. 12.1.1</li></ul>	<p>Journal for utført tømning med følgjande oppsummering:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Avvik i høve til gjennomføringa av tømninga, t.d. eventuelle bomturar.</li><li>- Oppsummering av registrerte tekniske manglar.</li></ul>
Årsrapport for kalenderåret.		<ul style="list-style-type: none"><li>– Månadleg oppsummering av tal og volum reinseeiningar som er tømt i kommunen.</li><li>- Mengderapport (tonn avvatna slam/ månad) med leveringsstad.</li><li>- Oppsummering månadleg journal (sjå over).</li><li>- Type utstyr nytta ved gjennomføring av oppdraget.</li></ul>

Statistikken for årsrapporteringa skal for kvar fakturaperiode, i tillegg til akkumulerte summar frå

starten på kalenderåret leggjast inn i rekneark eller liknande av leverandøren. Eit oppdatert rekneark i excel-format skal kunne gjerast tilgjengeleg for oppdragsgjevar på 3 vyrkedagars varsel når som helst på året.

### 1.11 LEVERING TIL MOTTAKS-/BEHANDLINGSANLEGG

Leverandøren skal syte for innsamling og levering til det mottaks-/behandlingsanlegg som oppdragsgjevar bestemmer, og innanfor den normale opningstida dersom anna ikkje er bestemt av oppdragsgjevar. Alt slam som vert levert skal vegast, med mindre oppdragsgjevar gjev skriftleg melding om noko anna. Avfallet skal tippast/lossast på den staden som mottaks-/behandlingsanlegget bestemmer.

Eventuell omlasting skal skje utan ekstra kostnadar for oppdragsgjevar. Alle omlastingsstasjonar skal på førehand godkjennast av oppdragsgjevar. For Stryn kommune gjeld følgjande mottaksanlegg:

Tabell 2: Mottaksanlegg Stryn

Mottaks-/behandlingsanlegg	Opningstider:
NOMIL, Breimsvegen 1741, 6826 Byrkjelo (gbnr 103/31)	Måndag - fredag: kl. 08:00 – 15:00.

Leverandøren vil få utlevert kort/kode for automatisk vewing utanom opningstidene. Utanom opningstidene skjer likevel all køyring inne på området på leverandøren sitt eige ansvar, også med omsyn til brøyting og strøing.

Oppdragsgjevar har rett til å nekte levering utanom opningstidene dersom leveringa ikkje skjer i samsvar med retningslinene frå oppdragsgjevar.

Dersom det aktuelle mottaks-/behandlingsanlegget vert stengt for levering, eller oppdragsgjevar endrar leveringsstad (sjå pkt.**Feil! Fant ikke referansekilden. - Feil! Fant ikke referansekilden.**), medfører dette endringar i leveringsrutinane. Leverandøren må såleis rekne med mellombels eller permanent transport til eit anna mottaksanlegg. Ved permanent endring av leveringsstad (det vil seie at leveringa skal skje i minimum 3 månader), skal dette varslast 2 månader på førehand. Elles gjeld inga varslingstid.

Permanent eller mellombels omdirigering gjev rett til pristillegg-/frådrag, men berre dersom transport-avstanden endrar seg meir enn 5 km (ein veg), og det i kontrakten ikkje er einingsprisar for levering til det aktuelle anlegget.

Ved endring som omtala over, gjev dette grunnlag for endring av einingsprisane i samsvar med NS 9430, punkt 16.

### 1.12 KRAV TIL AVVATNING OG PRØVETAKING

Generelt skal slammet som vert levert mottaks-/behandlingsanlegget ha eit tørrstoffinnhald på minimum 18 %. Det kan difor vera naudsynt med sekundæravvatning.

Oppdragsgjevar kan krevje at leverandøren tek ut stikkprøvar av levert slam som skal analyserast på tørrstoffinnhald. Dette kan skje opptil fire gonger årleg dersom kvar analyse viser eit tørrstoffinnhald over 18 %. I same prøveuttak kan også andre parametrar bli analysert.

Det er oppdragsgjevar som tilfeldig plukkar ut kva lass det skal takast stikkprøve av.

Dersom ein prøve viser tørrstoffinnhald mindre enn 18 %, skal det innan ei veke takast ei ny prøve. Dersom også denne viser mindre enn 18 %, kan oppdragsgjevar krevje at leverandøren betaler ei teknisk bot til oppdragsgjevar på kr. 10 000,- eks. mva. Same prosedyre held fram heilt til prøva viser tørrstoffinnhald over 18 %. Det er leverandøren som kostar og utfører prøvetaking og analysar av tørrstoffinnhald.

Dersom det kan dokumenterast at slam med lågare tørrstoffinnhald enn kravet skuldast tankar som t.d. inneheld industrivatn eller anna som ikkje reagerer med avvatningskjemikaliane, vert det teke omsyn til dette ved vurdering av prøveresultata, alternativt at slike slamleveransar vert halde utanfor stikkprøvekontrollen.

Oppdragsgjevar kan også krevja anna prøvetaking, t.d. av innhald av tungmetall. I slike tilfelle dekkjer oppdragsgjevar kostnader til utstyr og analysar, men leverandør kan verta pålagt å utføra prøvetakinga i samsvar med oppdragsgjevar sine rutinar. Slik prøvetaking skal vera inkludert i einingsprisane.

Polymerprodukt nytta til felling skal vere førehandsdeklarerte, og ikkje vere miljø- eller helsefarlege. Leverandøren er ansvarleg for dokumentasjon og bruk av polymer mot eigaren av reinseeininga. Dersom eigaren av reinseeininga kan påvise feilfunksjon som skuldast leverandøren sitt polymer, eller feil bruk av dette, skal leverandøren straks syte for å reparere skaden.

Dokumentasjonen av polymer som vert nytta skal også vere ein del av kvalitetssystemet til leverandøren og visast oppdragsgjevar på førespurnad.

### **1.13 AVVATNINGSSTASJONAR**

Dersom leverandøren vil nytte mobile avvatningsstasjonar / konteinarar, må desse plasserast ved eit godkjent anlegg med løyve til påslepp for avvatna avløpsvatn. Med godkjent anlegg vert meint anlegg godkjent av kommunen. Leverandøren er då også ansvarleg for å hente inn naudsynte godkjenningar frå eigaren av påsleppsanlegget, og oppdragsgjevar skal orienterast om slike påsleppsløyve seinast ein måned før aktuell bruk. Det vert presisert at det berre er vassfasen som skal sleppast på påsleppspunktet, ikkje råslam.

Alle kostnader med avvatningsstasjonar skal vere inkludert i einingsprisane.

Ved bruk av avvatningsstasjonar skal leverandør leggje til rette for at det vert minst mogleg ulemper for omgjevnadene i form av støy, lukt m.m. Leverandør vert oppmoda til å føreslå nye/endra påsleppspunkt dersom gjeldande påsleppspunkt er dårleg eigna i høve til støy, lukt eller av praktiske årsaker.

I bilag 3.3 er det ei liste over påsleppspunkt som vert nytta pr. tilbodsfrist. Nokre av påsleppspunkta kan vera regulert i form av avtalar, men for fleire påsleppspunkt føreligg ikkje skriftlege avtalar og leverandør har ansvar for at avtalar vert etablert innan utsleppspunktet vert teke i bruk. Leverandør må pårekna at det kan verte endringar i kva utsleppspunkt som kan nyttast.

## 2 SPESIELL OMTALE AV OPPDRAGET

### 2.1 TØMMEUTSTYR, TØMMEOPERASJON

All tømning og transport skal utførast med spesialbilar og på ein slik måte at ingen blir påført hygieniske ulemper.

Innsamling av slam skal som hovudregel skje på vyrkedagar, og skal ikkje startast opp før kl. 0700, og skal vere avslutta seinast kl. 2100, dersom ikkje oppdragsgjevar gjev pålegg om anna.

I separate slamavskiljarar skal alt avløpsvatn/slam sugast opp og avvatnast, og alle kammer skal tømmast. Tette tankar skal tømmast fullstendig.

Oppsamla rejecktvatn frå avvatningsutstyret på bilen skal tømmast i slamavskiljar etter at denne er tømt for slam. Slamavskiljaren må ikkje overfyllast slik at rejecktvatnet vert ført inn i utsleppsøyret. Det lyt takast særskilte omsyn ved tilbakefylling av slamavskiljarar som er tilknytt sandfiltergrøfter eller infiltrasjonsanlegg. **Det skal ikkje tømmast rejecktvatn i tette tankar.**

Då ein del utsleppsløyve er gamle og unntak/disposisjon frå forskrifta vert gjeve, må leverandøren disponere utstyr som gjer det mogeleg å tømme reinseeiningar som ligg inntil 100 m frå køyreveg, og maksimalt 25 m lågare enn der det kan køyrast med firehjulstrekk eller traktor/tankvogn. I bilag 3.2, tabell D5 er det eit oversyn over antall anlegg/tankar som i tida før tilbudsfrist vert tømt med spesialutstyr som t.d. firehjulstrekk eller tankvogn.

Leverandøren sitt utstyr skal også kunne tømme minireinseanlegg. Dette er anlegg som kan vere plassert innomhus, og som har behov for meir fleksibelt slangeopplegg for å suge tanken heilt tom. Minireinseanlegg skal tømmast etter retningslinjene som gjeld for dei ulike anleggstypene, og leverandøren har ansvaret for å gjere seg kjent med type anlegg i bruk og tømmeteknikk, slik at skadar på anlegget ved tømning vert unngått.

### 2.2 AVREKNING AV TØMMINGA

I bilag 3.1, tilbudsskjema, skal det gjevast ein pris pr. tømning som skal gjelde som oppmøtepris, i tillegg til ein pris pr. m<sup>3</sup> målt ut frå teknisk volum i slamavskiljar og tett tank, og registrert tømt volum frå minireinseanlegg.

Ved overfylte tankar kan leverandøren i tillegg få betalt for registrert volum utover teknisk volum. Dette skal i så fall dokumenterast, og meldast som avvik til oppdragsgjevar, jf. punkt 2.7.

Alle slamavskiljarar vert såleis avrekna etter same oppmøtepris og m<sup>3</sup>-pris uavhengig av storleik, jf. prisskjema 2.1 i bilag 3.1. Det same prinsippet gjeld for tette tankar og minireinseanlegg. I tillegg gjeld det egne einingsprisar for ekstratømning og naudtømning, jf. punkt 2.4 og 2.5.

### 2.3 TØMMEFREKVENNS

Generelle tømme frekvensar er vist i tabell 2 nedanfor:

Tabell 3: *Generell tømme frekvens.*

Type reinseeining / abonnent	Slamavskiljar / tank $\leq 10$ m <sup>3</sup>	Privat eller kommunal slamavskiljar / tank $> 10$ m <sup>3</sup>
Slamavskiljar på eigedom med fast busetnad:	Kvart 2.år	I utgangspunkt årleg, men fleire må tømme oftare, eller sjeldnare (følgjer spesiell tømmeplan).
Slamavskiljar frå fritidseigedom:	Kvart 4.år	
Tette oppsamlingstankar og minireinseanlegg:	Etter behov, men i utgangspunktet årleg.	

Tømme frekvensane kan avvike frå tabellen over. For kommunale slamavskiljarar skal tømmeing normalt skje etter behov.

I bilag 3.2 er historisk fordeling og tømme frekvensar for kommunen nærare spesifisert.

Tømmeplanen frå leverandøren skal tilfredsstillje følgjande krav:

- Leverandøren skal ta ein oppsamlingsrunde før dei avsluttar tømmeinga i kommunen.
- Tidsrommet mellom kvar ordinære tømmeing av tette tankar og andre tankar med årleg tømmeing skal ikkje vere kortare enn 11 månader, men ikkje lengre enn 13 månader.
- Tidsrommet mellom kvar ordinære tømmeing av reinseeiningar med tømmeing kvart andre år, skal ikkje vere kortare enn 22 månader, men ikkje lengre enn 26 månader.
- Tidsrommet mellom kvar ordinære tømmeing av reinseeiningar med tømmeing kvart fjerde år, skal ikkje vere kortare enn 46 månader, men ikkje lengre enn 50 månader.
- Alle reinseeiningar tilhøyrande private skal tømmeast i området der tømmeinga pågår dersom tømme frekvensen tilseier dette. Dette sjølv om det er behov for spesialutstyr for å tømme enkelte reinseeiningar.
- Det må takast omsyn til at tømme behovet ikkje alltid følgjer jamne periodiske syklusar slik at det vert mindre avvik frå avtalt tømmeveke. Dersom dette berre medfører ei forskyving av tømme tidspunktet, og leverandøren likevel utfører tømmeing i nærområdet, vert tømmeinga godtgjort etter vanleg einingspris.
- Bestemte tankar/slamavskiljarar har eit kjent behov for fleire tømmeingar årleg. Informasjon om dette behovet er inkludert i bilag 3.2, tabell E1, og vert nærare spesifisert etter kontraktsinngåing som grunnlag for leverandøren sin tømmeplan. Sidan dette behovet er tilpassa i den årlege tømmeplanen vert det føresett at tømmeinga vert godtgjort etter vanleg einingspris.



Tømmeplanane for 2024 og 2025 skal leverast i samsvar med fristane gjeve i punkt 1.4. Revidert tømmeplan for 2025 og påfølgjande år, skal leverast oppdragsgjevar for godkjenning innan 1. desember kvart år, første gong 01.12.2024.

Det vert rekna med at mannskapa til leverandøren er godt kjent med tømmeplanen før arbeidet startar opp.

#### **2.4 EKSTRATØMMING**

Ekstratømming er ikkje akutt slik som naudtømming (sjå pkt. 2.5), men er dersom tømminga er utanom vanleg tømmeplan og skal utførast seinast 2 veker etter bestilling, om ikkje anna frist er avtalt. Ekstratømming vert avrekna etter dei same einingsprisane som tømming på rute dersom:

- Næraste reinseeining er maksimalt 5 km frå området der det vert utført vanleg tømming, eller dersom fleire abonnentar ynskjer å samordne ei ekstratømming må det vere minimum 10 reinseeiningar, alternativt totalt minst 40 m<sup>3</sup> tankvolum, innanfor ein radius på opptil 5 km rekna langs køyreveg.

Dersom ekstra tømming skjer mindre enn 3 månader før ordinær tømming, skal ekstra tømming erstatte den ordinære tømminga.

Ekstratømmingar som ikkje tilfredsstillar den geografiske plasseringa definert over, vert avrekna etter særskilte einingsprisar i prisskjema 2.2.

Varsel om ekstratømming skal alltid skje frå oppdragsgjevar dersom ikkje anna er avtalt, og leverandøren må på førespurnad kunne dokumentere overfor oppdragsgjevar at abonnenten har kvittert for utført ekstratømming. Dette gjeld alle typar ekstratømmingar.

#### **2.5 NAUDTØMMING**

Naudtømming er tømming av enkelteiningar (reinseeiningar) som må utførast på kort varsel utanom vanleg tømmeplan grunna akutte uhell eller andre hendingar. Varsel om behov for naudtømming kan gå direkte frå abonnent, eller via oppdragsgjevar. Uavhengig av kven som varslar, skal leverandøren sende kvittering for motteke varsel til oppdragsgjevar pr. e-post eller på anna avtala skriftleg format.

Dersom anna ikkje er avtalt skal naudtømming utførast snarast mogeleg, og innan 24 timar etter varsel frå abonnent eller oppdragsgjevar. Leverandøren kan ikkje nekte å utføre naudtømming, og må ha beredskapsordning for dette. Dersom det er klart at leverandøren ikkje kan utføre naudtømming innan fristen, kan oppdragsgjevar leige andre til dette på leverandøren si rekning, jf. punkt 15.7.2, NS 9430.

Naudtømming skal utførast etter særskilte einingsprisar i prisskjema 2.3, og leverandøren må på førespurnad kunne dokumentere overfor oppdragsgjevar at abonnenten har kvittert for utført naudtømming.

## 2.6 ABONNEMENTSREGISTER

Oppdragsgjevar administrerer abonnementsdatabasen sin i Norkart sitt fagsystem for slam (Komtek VA). Leverandøren er ansvarleg for å kople seg opp mot databasen slik at dei vert oppdatert dagleg etter kvart som tankane vert tømt. Leverandøren vil få tilgang til brukar, men må sjølv gjera avklaringar med systemleverandør og skaffe sikker oppkopling mot brukaren.

Følgjande opplysningar kan reknast som nokolunde komplett / oppdatert for kvar reinseeining:

- Namn og adresse på eigar av reinseeininga.
- Gards-/bruksnr der reinseeininga ligg.
- Storleik / volum.
- Tømmefrekvens.
- Dato for siste tømming.

Registerna har også nokre tekniske opplysningar om reinseeiningane som t.d. volum, materialtype, tal kammer og utsleppstilhøve. Desse opplysningane er ikkje komplette.

Det er kommunen som forvaltar alle reinseeiningane etter ureiningslova, og som dermed har ansvaret for at alle nye einingar blir registrert, og at alle avvik som leverandør melder inn til oppdragsgjevar vert følgt opp.

Oppdragsgjevar syter for oppdatering av registeret.

Leverandøren skal registrere alle nye reinseeiningar som kjem til undervegs i kontraktsperioden, med dei same opplysningane som nemnt over, inkludert dei tekniske opplysningane. Det same gjeld eventuelle reinseeiningar som enno ikkje er registrert. Leverandøren skal tømme og registrere slike reinseeiningar, noko som er inkludert i einingsprisane for tømming. Registreringa skal utførast og overførast til oppdragsgjevar elektronisk i eit format som oppdragsgjevar godkjenner.

Ved første tømming etter oppstart av kontrakten skal også GPS-posisjon på kvar reinseeining der dette manglar, registrerast. GPS-posisjonar for alle reinseeiningar skal overførast til oppdragsgjevar elektronisk i eit format som oppdragsgjevar godkjenner.

Oppdragsgjevar eig alle data i abonnementsregisteret, inkludert GPS-posisjon, logg, historikk mv. for alle reinseeiningar registrert i kontraktsperioden, inkludert logg over kva type utstyr som vert nytta ved slamtømminga. Ved avslutting av kontrakten skal leverandøren utan vederlag levere oppdragsgjevar komplett og oppdatert abonnementsregister i avtalt elektronisk format, og sjå til at alle kopiar av dette vert sletta frå leverandøren sine databasar. Oppdragsgjevar kan også i avtaleperioden be om å få oversendt komplett og oppdatert abonnementsregister, m.a. for å kunne kvalitetssikre leverandør sine data opp mot oppdragsgjevar sine data.

Oppdragsgjevar har rett til å føre kontroll med at opplysningane i registeret t.d. når det gjeld volum på eininga. Dersom det kan påvisast avvik av økonomisk konsekvens skal den lidande parten få kompensert for perioden frå oppstart til avviket vart påvist.

Leverandøren skal straks rapportere til oppdragsgjevar om eventuelle reinseeiningar oppført i abonnementsregisteret som ikkje lenger er i bruk.

## **2.7 REGISTRERING AV TØMMING**

Leverandøren sine bilar skal ha utstyr som til ein kvar tid elektronisk registrerer kvar tømning i høve til funksjonskrava nedanfor. Dette inkluderer eventuelle nødvendige oppgraderingar.

For kvar tømning skal systemet / renovatøren registrere følgjande:

- ID, inkludert kunde-ID, i tillegg til volum for reinseeining. Ekstratømmingar og naudtømmingar skal merkast spesielt.
- Dato og klokkeslett.
- Geografisk posisjon i form av GPS-posisjon på reinseeininga dersom dette manglar i registeret.
- Avviksmeldingar i form av førehandsdefinerte avvik og eventuell fritekst.
- Dokumentasjon av avvik, t.d. ved behov for tømning av ekstra mengde slam, med bilde som skal overførast via systemet til oppdragsgjevar sitt fagsystem.

Oppdragsgjevar stiller ikkje noko krav til kva system leverandør skal nytta ved tømmeregistrering, avviksregistrering, dokumentasjon etc., men systemet skal kunna utveksla data med oppdragsgjevar sine fagsystem på ein automatisk og saumlaus måte.

Dersom leverandør ynskjer å nytta feltsystemet til Komtek VA, må leverandør dekkja lisenskostnader og evt. andre kostnader oppdragsgjevar pådreg seg grunna valet.

Registrerte data skal overførast minimum 1 gang pr. dag til oppdragsgjevar. Det vert føresett at registrerte data kan lesast inn i oppdragsgjevar sin database direkte utan behov for andre system frå oppdragsgjevar si side enn Komtek sine integrasjonssystem.

Ved endringar, eller ved tilgang på nye abonnentar / tankar skal leverandøren registrere desse og overføre dei til oppdragsgjevar, jf. også punkt 2.6.

## **2.8 VARSLING OG DOKUMENTASJON AV TØMMING**

Leverandøren skal varsle abonnentane digitalt om tømning. Varslinga skal gjerast 2 veker før tømning. Eigarar med bustadadresse utanom kommunen der slammet skal tømmast skal varslast 4 veker på førehand.

I varselet til abonnentane skal det opplysast om kva veker (maksimalt innanfor ein to-vekers periode) som tanken vert tømt, og om abonnenten sin plikt til å klargjere tilkomst til kumlokk, og retten som leverandøren har til å plassere utstyret sitt på eigedommen under tømning. I tillegg skal det opplysast om andre plikter og rettar som følgjer av dei kommunale slamforskriftene.

Når tømning er gjennomført skal abonnenten få ei digital kvittering.

Dersom kunden ikkje kan ta imot digital varsling/kvittering, skal varsling/kvittering leverast på anna føremålstenleg måte.

## **2.9 TØMMING HJÅ ABONNENT**

Der reinseeininga ikkje er gravd fram, eller andre tilhøve hjå abonnenten som gjer slamtømning umogeleg, skal leverandøren sende avviksmelding til abonnenten elektronisk eller leggje den i/på postkasse/dør dersom dei manglar elektronisk kontaktinformasjon.

Ved slike «bomturar» skal den første turen fakturerast med berre oppmøtepris, medan den nye tømninga skal fakturerast som vanleg tømning, dvs. med både oppmøtepris og med m<sup>3</sup>-pris.

I avviksmeldinga nemnt i første avsnitt skal abonnenten med tilvising til lokal kommunal slamforskrift, gjerast merksam på avviket, og plikta abonnenten har til å varsle om når eininga er klar før tømning. Utforming av avviksmeldinga skal godkjennast av oppdragsgjevar før bruk. Kopi av varsel om manglande framgraving eller liknande, skal kvar månad sendast oppdragsgjevar pr e-post eller på annan avtalt måte, t.d. overførast via systemet til oppdragsgjevar sitt fagsystem.

På vegar med bom må leverandøren låse bommen både ved innkøyring og utkøyring. Leverandøren lyt kontakte abonnenten eller vegeigar for å få tak i nøklar. Det er få slike lokalitetar innanfor kontraktområdet.

Alle tømningar skal utførast slik at abonnenten eller naboar vert minst mogeleg sjenert av støy og lukt. Eventuelle uhell med søl av kloakkvatn må fjernast / reingjerast omgåande, eventuelt spylast med reint vatn og eigna desinfeksjonsmiddel.

Leverandøren har rett til å plassere nødvendig utstyr på abonnenten sin eigedom for å utføre tømninga. Leverandøren handterer bil og utstyr på eige ansvar for skade på tredjemann sin eigedom. Dette gjeld t.d. planter, busker, plenar, vegar, gjerder eller andre delar av abonnentane sine eigedommar.

Skade på materiell eller eigedom skal varslast til oppdragsgjevar, i tillegg til abonnent der dette er relevant, seinast same dag som dette vart oppdaga. Alle materielle skadar (på gjerde, hagar mv.) skal innan 3 veker utbetrast til same standard som før skaden oppstod, eller erstattast på annan måte etter avtale med eigar.

Etter at tømninga er utført skal reinseeininga stengjast og både anlegget og abonnenten sin eigedom skal etterlatast i like gode stand som før tømninga.

## **2.10 REGISTRERING AV FEIL PÅ REINSEEINING**

Dersom det vert avdekka feil ved røyr, dykkarar, tettleik mv, som er relevant for framtidig tømning, eller kan medføre lokale miljøulempar eller liknande, skal det leverast ei digital avviksmelding til eigaren / abonnenten om dette. Dette kan vera ein del av tømmekvitteringar, sjå pkt. 2.8.

Dersom leverandøren oppdagar tilhøve som utgjør ein fare eller risiko, t.d. eit øydelagt lok, skal han straks melde i frå til abonnenten, enten som eige brev/lapp/sms/e-post, eller direkte på tømmekvitteringa. Feilen skal dokumenterast fotografisk.

Ved slike avvik skal oppdragsgjevar ha elektronisk kopi av avviksrapporten, inkludert fotografisk dokumentasjon av mangelen.

Dersom det vert avdekka akutt ureiningsfare, skal det straks gjevast melding til tankeigar og oppdragsgjevar, med påfølgjande elektronisk rapportering.

Dersom tanken inneheld ureiningar som ikkje mottaksanlegg kan ta i mot (t.d. høgt oljeinnhald, store mengder ureiningar) skal tømning og levering skje utan at dette slammet vert blanda saman med anna slam. Ved slike «bomturar» skal den første turen fakturerast med berre oppmøtepris (dersom

ikkje leverandør kan ta slammet med separat), medan den nye tømninga skal fakturerast som ekstratømming, dvs. med både oppmøtepris og med m<sup>3</sup>-pris. Leverandør skal tilpassa seg mottaksanlegget sine rutinar for mottak av slikt slam.

Følgjande skal sjekkast ved kvar tømning så langt sjekkpunktet er relevant for den aktuelle type reinseeining:

Type avvik:	Slamavskiljar/ renseanlegg	Tett tank
Er loket / loka heile?	X	X
Er dykkar ok?	X	
Er vass-standen normal?	X	
Er skiljeveggane heile?	X	
Er tanken / veggane tett(e)?	X	X
Er det synlege lekkasjar?	X	X
Er det ein synkekum (kum utan bunn)?	X	
Renn det vatn frå grøft til slamavskiljar (tilbakeslag)?	X	
Er alarm (nivåmålar) montert i tanken?		X
Er det installert pumpe i tanken?		X
Renn kummen over?		X
Er det synleg ureining?	X	X

### 3 TENESTER SOM SKAL PRISAST SOM OPSJONAR

#### 3.1 GENERELT

Ved bestilling eller avbestilling av opsjon(ar) skal leverandøren innordne seg dette. Dersom ikkje anna er spesifisert, skal leverandøren varslast skriftleg med minst 4 veker før opsjonen kan startast opp eller avsluttast. Oppdragsgjevar står fritt til å bestille tenester prisa som opsjon frå andre leverandørar utanom kontrakten.

Ein kontrakt på grunnlag av denne tilbodskonkurransen kan ikkje berre omfatte opsjonstenester, men må følgje oppdraget. Prisskjema er i bilag 3.1.

#### 3.2 OPSJON – TIMEPRISAR SLAMTØMMING

Oppdragsgjevar har rett til å krevje at delar av kontraktarbeidet vert utført som rekningsarbeid avrekna pr. time. Dette kan t.d. vere aktuelt ved tømning av store kommunale slamavskiljarar, omfattande naudtømming mv.

Tilbydar skal difor oppgje timepris på bil med sjåfør og sidemann, og timeprisar utan bil. Einingsprisane skal inkludera alle kostnader, og gjelde uavhengig kva vekedag og tid på døgnet arbeidet vert utført. Det vert likevel bedt om ulike timeprisar etter om det er vanleg tømning, ekstratømning eller naudtømning, jf. varslingsfristane for dette.

Timeprisane kan også vere aktuelle å nytte ved andre aktivitetar, og der timeprisane er relevante.

Ved bruk av denne opsjonen vil oppdragsgjevar i tillegg til timeprisen dekkje ferjebillett og bompengar etter satsar med full rabatt, dersom dette ikkje er dekkja inn av andre einingsprisar i kontrakten.

Bruk av timepris vert ved vanleg tømning gjeve med minimum 5 virkedagars varsel. Ved naudtømning gjeld varslingsfristane for desse, jf. punkt 2.5.

Det er oppdragsgjevar som bestemmer når avrekning etter timeprisar skal nyttast.

### **3.3 FRIVILLIG OPSJON – KOMPLETT SLAMBEHANDLING**

Denne aktiviteten gjeld komplett slambehandling, dvs. ei løysing som omfattar både slamtømning frå same geografiske område som hovudoppdraget, og transport til behandlingsanlegg, i tillegg til slambehandling og endeleg disponering av alt slam som er samla inn.

Opsjonen er frivillig, dvs. at tilbydarane står fritt til å prise denne. Opsjonen er såleis eit alternativ til hovudoppdraget, der alle relevante vilkår ved hovudoppdraget framleis er gjeldande.

Dersom opsjonen vert nytta skal den varslast seinast 6 månader før opsjonsaktiviteten vert starta opp. I tilbodet kan tilbydaren opplyse om eventuelle vilkår for minimum tidsrom som aktiviteten skal gjelde.

Ved eventuelt tilbod på opsjonen, skal tilbydar stadfeste at det/dei aktuelle behandlingsanlegget/-a har gyldig løyve, og skal leggje ved ei eventuell stadfesting frå den som har løyvet til at slammet frå oppdragsgjevar kan behandlast der.

Leverandøren er sjølv ansvarleg for å anslå mengda avvatna slam til behandling, og tenesta vert som for hovudoppdraget avrekna etter talet på tømningar. Opsjonen vert såleis prissett gjennom å gje eit fast prosentvis påslag på m<sup>3</sup>-pris og timepris som skal dekkje heile arbeidsomfanget.

## **4 INFORMASJON OM BILAG 3 – TILBODSSKJEMA OG GRUNNLAGSDATA**

### **4.1 BILAG 3.1 – UTFYLLING AV TILBODSSKJEMA**

Om ikkje anna er spesifisert, skal tilbydaren fylle ut alle postar.

Det er **berre dei gule felte som skal fyllast ut**. Pdf-kopi av skjema skal leggjast ved tilbodet, i tillegg til excel-versjonen av tilbodsskjema.

Det vert teke atterhald om feil i formlar / referansar i pristabellane. Ved eventuelle feil er det dei gjevne einingsprisane som vert lagt til grunn.

**Tal, verdiar og annan informasjon utfylt av oppdragsgjevar skal ikkje endrast av tilbydaren.**

**Kapittel 3** i tilbodsskjema (bilag 3.1) gjeld sjekklister om kva som skal gjevast ein nærare omtale av i tilbodet, og som er relevante i høve til tildelingskriteria om kvalitet. Det vert likevel presisert at sjekklister ikkje er utøymmande, slik at tilbyder gjerne kan supplere med fleire opplysningar som er relevante i forhold til tildelingskriteria.

### **4.2 INKLUDERT I EININGSPRISANE I TILBODSSKJEMA**

Der det ikkje er nemnt noko anna, skal alle prisar, summar og einingsprisar inkludere alle kostnader til leverandøren i samband med utføring av arbeidet, inkludert – men ikkje avgrensa til - delar og materiell/utstyr (halde av leverandør), forbruksmateriell, generalkostnader (inklusive administrasjon og arbeidsleiing) sentralt og for oppdraget, skattar og avgifter og fortjeneste.

Dvs. at tilbyder må inkludere alle sine påreknede kostnader ved utfylling av skjema, sjølv om ikkje alle kostnadselement og arbeid / ytingar er nemnde i detalj i konkurransegrunnlaget. Dersom det viser seg å vere behov for auka ressursinnsats for å gjennomføre oppdraget, skal leverandøren auke ressursbruken utan ekstra kompensasjon. Dette gjeld t.d. ekstra ressursinnsats ved eventuelt plunder og heft i oppstartsfasen. Dersom tilbyder meiner at nokre av kostnadene ikkje naturleg kan knytast til skjema, må kostnadene tydeleg kvantifiserast og spesifiserast i tilbods brevet.

Prisene skal vere i kroner (NOK) eksklusive meirverdiavgift. Det er alltid einingsprisane i avtalen som vert lagt til grunn ved avrekning. Einingsprisane gjeld (lista er ikkje uttøymmande):

- uansett når på døgnet arbeida vert utført,
- uansett vekedag arbeida vert utført,
- uansett når på året arbeida vert utført,
- uansett mengde arbeid pr. arbeidsoperasjon,
- uansett avfallsmengde levert frå oppdragsgjevar i løpet av kalenderåret.

### **4.3 BILAG 3.2 – INFORMASJON OM GRUNNLAGSDATA**

#### **4.3.1 Generelt**

Med «kubikk tømt» vert det meint volumet ein tank som er tømt er registrert med. Dette er ikkje nødvendigvis den same mengda som reelt vert sugd opp.

Tal i tabellane D1-D4 er også inkludert i tala i alle tabellar frå A1 til C2.

Det vert gjort merksam på at det kan vera feil i grunnlagsdata og at behovet vil endra seg i avtaleperioden.

#### 4.3.2 Tabell A1

Tabellen inneheld generelle opplysningar om Stryn kommune med informasjon om innbyggjartal, areal, andel tett busetnad, tal tankar og gjennomsnittleg årleg tal tømningar/kubikk tømt i perioden 2018-2021.

#### 4.3.3 Tabell B1-B5

Tabell B1 inneheld gjennomsnittleg årleg tal tømningar per måned. Tilsvarande inneheld tabell B2 dei same data, men oppgjeve i kubikk tømt. Tabellane viser relativ stor variasjon i tal tømte tankar gjennom året.

Tabell B3 viser gjennomsnittleg tal tømningar årleg i perioden 2018-2021 fordelt på. Tilsvarande viser tabell B3 dei same tala i kubikk tømt. Tabell B5 viser gjennomsnittleg tal kubikk tømt pr tank og er ein funksjon av tabell B5 dividert på tabell B3.

#### 4.3.4 Tabell C1 og C2

Tabell C1 inneheld årleg tal tømningar per måned i åra 2018-2021. Tilsvarande inneheld tabell C2 dei same data, men oppgjeve i kubikk tømt. Tabell C1 tilsvarar tabell B1, men utan gjennomsnittsberekning. Tilsvarande gjeld forholdet mellom tabell C2 og B2.

Tabellane viser relativ stor variasjon i tal tømte tankar gjennom åra, og viser relativt tydeleg 2-års-syklusane (som utgjer hovudtyngda av tømningane), sjå tabell E1.

#### 4.3.5 Tabell D1-D6

Tabell D1 inneheld gjennomsnittleg årleg tal ekstratømningar per måned i perioden 2018-2021.

Tilsvarande inneheld tabell D2 dei same data, men oppgjeve i kubikk tømt. Det vert gjort merksam på at dette er registrerte ekstratømningar etter definisjonar som har vore i tidlegare kontrakt og er ikkje nødvendigvis representativt for dei mengdene ekstratømningar som vil oppstå i kontraktsperioden.

Tabell D3 inneheld gjennomsnittleg årleg tal naudtømningar per måned i perioden 2018-2021.

Tilsvarande inneheld tabell D4 dei same data, men oppgjeve i kubikk tømt. Det vert gjort merksam på at dette er registrerte naudtømningar etter definisjonar som har vore i tidlegare kontrakt og er ikkje nødvendigvis representativt for dei mengdene naudtømningar som vil oppstå i kontraktsperioden.

Tabell D5 inneheld gjennomsnittleg årleg tal tømningar per måned i perioden 2018-2021 som har vorte utført med spesialutstyr. Tilsvarande inneheld tabell D6 dei same data, men oppgjeve i kubikk tømt. Dette er tankar som av ulike grunnar dagens leverandør ikkje har kunna tømme med ordinær avvatningsbil. Det må t.d. nyttast bil med 4-hjulstrekk, liten bil, liten hengar med tankvogn etc. Det vert gjort merksam på at einingsprisane er dei same anten tømning skjer med ordinært utstyr eller med spesialutstyr, jamfør prisskjema bilag 3.1.

#### 4.3.6 Tabell E1-E3

Tabell E1 inneheld ein oversikt over type tankar, fordeling i storleik på tankar og fordeling etter tømmeffrekvens. Data er oppdatert pr. mai 2022 og kan innehalda feil og manglar.

Tabell E2 viser nærare informasjon om volum på tette anlegg og reinseanlegg.

Tabell E3 inneheld ein oversikt over storleik og tal tømningar på tankar som er over 50 m<sup>3</sup>.

Tabell E4 inneheld ein oversikt over tal tankar, fordelt på type tank, tømmeffrekvens og volum.

### 4.4 BILAG 3.3 – INFORMASJON OM PÅSLEPPSPUNKT

I bilag 3.3 er det ei liste over påsleppspunkt som kan nyttast pr. tilbodsfrist. Lista over påsleppspunkt kan vera noko unøyaktig i skildringa og kartreferansen kan vera tilsvarande unøyaktig, men lista og



kartreferansen syner om lag kvar dei ulike påsleppspunkta ligg for å gje tilbydar ein peikepinn på den geografiske fordelinga. Ved oppstart av kontrakt kan leverandør be om meir spesifikk lokalisering.